

# Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid

**Plannavn:** Lindås gravplass Nedre, gnr. 108, bnr. 627 m.fl.

**Arealplanid:** 4631\_2023002

**Frist for innspill:** 09.08.2023

**Altinnreferanse:** AR556252829



## Svar fra mottatte parter:

**Navn:**

ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

**Telefon:**

40001691

**Epost:**

post.alver@kyrkja.no

**Uttalelse**

Uttale frå Alver kyrkjelege fellesråd. AU til fellesrådet har vurdert reguleringsplanarbeidet, og vil gi ei kort uttale. Vi har óg mottatt ei uttale frå Lindås sokneråd, som er lagt ved nederst i denne meldinga. Fellesrådet støttar det planarbeidet som no er starta. Det er viktig at vi kan få ei løysing raskt, og vi trur denne planen kan bidra til ei god løysing. Det er bra at planen tar med heile området, ikkje berre sjølve gravplassen som er planlagt. Det kan sikre ei god og langsiktig løysing. Fellesrådet tar til etterretning at fylkeskommunen vil gje innsigelse til innkjøring frå Fonnebustvegen, og støttar at det blir planlagt innkjøring frå Kolåsvegen. Vi håper løysinga med lågare fartsgrense ikkje skaper problem med busslomme og siktgrense, som tidlegare. Uttale frå Lindås sokneråd til oppstart av planarbeid Lindås gravplass Nedre. Lindås sokneråd har vore involvert i planarbeidet i heile soknerådsperioden vår, og har vore urolege for manglande oppstart og gjennomføring av bygging av gravplass på Lindås. Vi har vore informerte om behovet for endring av innkøyrsla til gravplassen til nordsida av plassen grunna trafikkale tilhøve i opprinneleg plan. Vi er også klår over at det er krefter i Lindåsbygda som sterkt ønsker innkøyring frå sørsida og prosesjonsveg ned Fanebustvegen. Etter Lindås sokneråd sitt syn er det av mindre betydning om inngangen til gravplassen kjem frå nord eller sørsida, så lenge det er god og sikker prosesjonsveg til plassen. Det er av mykje større betydning at endeleg planarbeid no blir ferdigstilt og at bygginga av gravplassen kjem i gang så fort råd er. Prosessen har så langt vore altfor langvarig. Soknerådsmedlemane har fått tilsendt og gått igjennom planarbeidet og planforslaget som no ligg føre, og soknerådsleiar har fått fullmakt til å skrive uttale frå soknerådet. Etter vårt syn vil vi få ein god og tenleg gravplass for bygda med den skissa som er presentert. Uttalen vår blir sendt Alver Kyrkjelege Fellesråd som tilfang til fellesrådet si uttale som part i saka. Hundvin, 20 06 23 May Hundvinsoknerådsleiar

**Vedlegg til uttalelsen**

Uttalelse\_ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD\_20230626\_084030.pdf

---